

Nytt styre i aktiv fotballgruppe

17.12.2014



3 av dei som kjem inn i det nye styret er Kjetil Myklebust, Jan Øvstebø og Atle Hauge

Det gamle styret i fotballgruppa har kasta korta men no har det lukkast å få eit nytt styre på beina. Det var den positive konklusjon på eit møte i hallen som vart avvikla ikveld etter initiativ av trenarane. I det nye styret vert Kjetil Myklebust leiar og med seg får han Jan Øvstebø, Vidar Haugland, Eli Eiane Klyve og Atle Hauge,



Gøril Samland Eik har vore innpiskar i re-etableringa av fotballstyret

Den fyrste oppgåva som det nye styre får er å melde på lag med 8. januar som frist, Uskedalen har no mellom 70 og 80 unge fotballspelarar som i neste sesong vert fordelt på 8 lag mellom 6 og 12 år. Det er eitt lag meir enn i siste sesong, men talet på aktive spelarar aukar ikkje noko særleg av den grunn.. Auken skuldast ein annan oppdeling enn før, opplysar Odd Steinar Arnesen som no takkar for seg som leiar fordi han ynskjer å prioritera andre oppgåver på fritida. Det er Gøril Samland Eik som har vore 'sjefsinnpiskar' og fått organisert den nye leiinga og får ros for det.



Det var godt fram møte ikveld, men diverre ikkje mange foreldre

Derimot finn ikkje den avtroppande leiar grunn til å rosa foreldra for god innsats. Dei er faktisk over 100 men har ikkje vore flinke til å stilla opp, konstaterar Arnesen og peikar på at berre 10 foreldre var med på møtet av dei 20 som kom ikveld.

Det styret som no har gått av har bestått av Arnesen, Anita Simensen, Hilde Bringedal og Jostein Hauso og dei 'sa opp jobben' allereie for eitt år sidan.

- Vi tykte det var naturleg at foreldra tok eit tak, seier Arnesen.

Det var ikkje mogeleg og difor bestemte trenarane seg for å ta eit initiativ for å rekruttera inn ei leiing.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen